



Rømningsvegane frå Helgheim er ikkje tilferdsstillande. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Branningeniør Stein Kyrre Kvinge i kommunen har hatt branntilsyn på Helgheim og har få kritiske kommentarar. Men han har påpeika eitt avvik, at rømningsveg frå festsal til det fri ikkje var tilrettelagd for rask og sikker rømning.

Kvinge skriv at ved forige tilsyn var dørhandtaket ikkje i døra. No var handtaket komen på plass, men det kunne enkelt fjernast frå døra. Dersom nokon drar i døra i staden for å dytte vil dei bli ståande med handtaket i handa. Det var og ein smecklås på døra som ein måtte vri på for å opne. Dør i rømningsveg ut frå forsamlingslokale skal kunne opnast med eit enkelt handgrep.

Kvinge skriv ellers at det har kome på plass ein del grunnleggjande dokumentasjon, som syner ansvaret til leigetakarar/brukarar av bygget.

I tillegg til dør ut til det fri er det også ei tofløya dør ut frå festsalen. Då det er denne døra folk nyttar til vanleg, er det truleg her dei fleste vil gå ut i tilfelle brann.

Ein bør vurdere utfrå kor mange som er i festsalen om ein skal ha begge dørblada ståande ope for å laga breiare rømningsveg,

Sidan forrige tilsyn er det sett inn brannklassifisert dør inn til trapperom. Dette vil betra tryggleiken ved at ein får meir tid til å evakuera bygget ved ein brann i underetasjen, konstaterar branningeniøren.

Av Ola Matti Mathisen